



Eggvinnar Henriette frå Høylandsbyggd

**Kreativiteten er stor i leiinga av Systrene Nilsen. No har dei avvikla ein ny suksess, kalla eggejakt og i regi av Frøydis Nilsen Hillestad. 70 tildels svært unge deltakarar sikra seg egg med nummer som ein gigantkjuklling ruga på i lavvoen på skuleplassen.**

**Trekkinga førte til at 7 år gamle Henriette Tufta frå Høylandsbygd vann eit gigantisk påske-egg med mykje snop i. Familien har båtferie i Uskedalen - som mange andre.**



[Klart for trekking - Bjørn Sturle Hillestad, Frøydis Nilsen Hillestad og påskejuklingen.](#)

Eigentlag skulle påskeharen vore i funksjon under denne tevlinga, men han var sliten og trøyt og overlet ansvaret til kjuklingen. Eggejakta gjekk føre seg rundt i heile området mellom Rabben og skulen og gjekk ut på at ein skulle svara på spørsmål og dermed samla bokstaver som tilslutt ga nøkkelordet SKULEPLASSEN.



Eggejakta er i full gang

Frøydis opplyste at det er første gong ho er med og arrangerar noko slikt bortsett frå for sine egne ungar. No håpar ho det blir ein tradisjon. Det gjer og drivar Morten Nilsen, som understrekar kor viktig det er å satsa på attraktive aktivitetar for alle aldersgrupper. Deltakarane i dag var tildels svært unge men gjekk inn i dysten med liv og lyst.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.